

Regelverk for kommunal støtte til luft-luft varmepumpe og solcelleanlegg til private bustader i Åseral

1. Bakgrunn for ordninga og finansiering,

- a) Ordninga blei vedtatt oppretta av kommunestyret i sak 26/2023
- b) Retningslinjer blei vedtekne av formannskapet i sak 35/2023
- c) Ordninga blir finansiert med midlar frå enøkfondet.

2. Avgrensing av kven som kan søkja og vilkår,

- a) Søkar må vere juridisk eigar
- b) Søkar må vere folkeregistrert i Åseral kommune
- c) Bustaden må ligge i Åseral kommune
- d) Det kan gjevast støtte til tiltak i fritidsbustader som er godkjent som bustad. Utbetalt støtte skal betalast attende til kommunen dersom eigedomen blir endra til fritidsbustad mindre enn 3 år etter at støtta blei utbetalt.
- e) Det gis tilskott til maks 2 varmepumper og eit solcelleanlegg per bustad
- f) Eigeninnsats blir ikkje godkjent som grunnlag for tilskott
- g) Det gis ikkje støtte til reparasjonar, service eller liknande
- h) Det er søkjars ansvar å undersøke med Åseral kommune om tiltaket er søknadspliktig og deretter eventuelt søkje om løyve
- i) Frist for gjennomføring av tiltaket er 2 år frå dato for innsending av søknaden. Om tiltaket ikkje vert gjennomført innan fristen vert vedtaket trekt tilbake.

3. Kva for kostnader kjem inn under ordninga,

- a) Luft-luft varmepumpe,
 - Kostnaden til kjøp av luft-luft varmepumpe
 - Montering
- b) Solcelleanlegg
 - Kostnaden til kjøp av anlegget
 - Montering

4. Støttenivå

- a) Tilskott til luft-luft varmepumper gis med inn til 30% av kostnadene – maks kr 10 000 per pumpe
- b) Tilskott til solcelleanlegg gis med inn til 30% av kostnadene – maks kr 50 000

5. Krav til søknaden,

- Kommunen utformer digitalt søknadsskjema som skal nyttas

6. Forvaltning av ordninga

- a) Kommunedirektøren har ansvar for forvaltning av ordninga og rapporterer til formannskapet,
- b) Søknader blir handsama fortløpende,
- c) Klage på administrativt vedtak blir handsama av formannskapet,
- d) Støtta blir utbetalt etterskotsvis etter betalt rekning